

Til: Sogn Regionråd v/Karina Nerland

Sogndal, 1. april 2019

Søknad om støtte til hovudprosjekt for masterplanarbeidet i Sogn.

Visit Sognefjord AS gjennomførte forprosjektet for masterplanen i perioden oktober 2017 – august 2018 med prosjektstøtte på kr. 400.000 frå Innovasjon Norge, kr. 125.000 i eigeninnsats og kr. 75.000 frå Sogn regionråd. Sjå vedlagt rapport frå forprosjektet og ringverknads- og verdiskapingsanalyse for reiselivet i Sogn (Menon 2017, del av forprosjektet).

Masterplan for reiselivsnæringa i Sogn vart forankra av styret i Visit Sognefjord, Sogn regionråd og næringsnettverket i Sogn i 2017. Arbeidet omfattar også kvalifisering for "Merket for Berekraftig Reisemål", godkjent av Innovasjon Norge og no også til godkjenning i GSTC (Global Sustainable Tourist Council) som er internasjonal sertifiseringsaktør av nasjonale berekraftordningar.

Hovudprosjektet vart starta i september 2018 og skal ferdigstillast i 1. kvartal 2020. Sjå vedlagt framdriftsplan og prosjektsøknad. Innovasjon Norge har innvilga kr. 880.000 til prosjektet med føresetnad om at budsjetterte tilskot på kr. 225.000 frå Sogn regionråd og eigenandel kr. 145.000 frå Visit Sognefjord vet realisert. Frå søknaden til Sogn regionråd om støtte til forprosjektet:

Etter forprosjektet vert det lagt opp til hovudprosjekt frå januar 2018 – juni 2019 med utvikling av mål, strategiar og tiltaksplanar. Innovasjon Norge finansierer hovudprosjektet med inntil kr. 750.000. I tillegg til søknaden til Sogn regionråd om kr. 75.000 til forprosjektet i 2017 ynskjer Visit Sognefjord å søke om kr. 150.000 til hovudprosjektet for 2018/2019. Det vil seie totalt kr. 225.000 til forprosjektet og hovudprosjektet frå august 2017 – juni 2019.

Periode for arbeidet er utvida til 1. kvartal 2020 og omfanget av prosjektet er meir omfattande enn tidlegare planlagt. Budsjettet, prosjektstøtta og eigenandelen er såleis auka ut frå dette.

Med bakgrunn i rapport frå forstudie, framdriftsplan for hovudprosjektet m/vedlegg og punkta ovanfor søker Visit Sognefjord om prosjektstøtte på kr. 225.000 frå Sogn regionråd til hovudprosjektet for masterplanen. Konto for utbetaling: 3705.23.35133.

Budsjett hovudprosjekt 2019	
Prosjektleiari/prosessvegleiar	450.000
Møter styringsgruppa og andre møter	50.000
Analyser	575.000
Reisekostnader	75.000
Diverse	100.000
Sum:	1.250.000
Finansiering hovudprosjekt 2019	
Innovasjon Norge	880.000
Sogn regionråd	225.000
Visit Sognefjord	145.000
Sum:	1.250.000

Med beste helsing,

Ståle Brandshaug



Reiselivsdirektør

Visit Sognefjord AS

Vedlegg:

- Rapport frå forstudie masterplan 2017 - 2018
- Verdiskapingsanalyse for reiselivet i Sogn (Menon, 2017)
- Framdriftsplan for hovudprosjekt masterplan 2019 – 2020
- Prosjektsøknad hovudprosjekt